
Saknr: 2020/36671-3
Saksbehandlar: Eva Margaretha Ørmen
Vinjevoll

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		13.05.2020
Fylkesutvalet		28.05.2020

Regional transportplan - Høyring av framlegg til planprogram

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet sender *Framlegg til planprogram til Regional Transportplan Vestland 2022 - 2033* på høyring i medhald av plan- og bygningslova §8-3.

Samandrag

I PS 22/2019 vedtok Fylkesutvalet for Vestland at arbeidet med Regional transportplan skulle starte opp parallelt med planstrategien. Det vart lagt til grunn at planstrategien vert vedteken før regional transportplan slik at føringar i planstrategien vert lagt til grunn for planen.

Det prosjektutløysande behovet for arbeidet med planen er eit behov for å avklare korleis det nye fylket skal løyse oppgåvene innan samferdselssektoren.

Plan og bygningslova krev at det i forkant av alle regionale planar skal utarbeidast eit planprogram. Planprogrammet skal legge fram føremålet med planlegginga og avgrense planarbeidet tematisk. Planprogrammet skal i tillegg avklare korleis planarbeidet skal organiserast og kva prosessar planen skal følgje fram til endeleg vedtak, inkludert opplegg for medverknad. Planprogrammet skal høyrast og vedtakast politisk.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

1 Høyringsframlegg, Planprogram til Regional transportplan 2022 - 2033

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I PS 22/2019 vedtok Fylkesutvalet for Vestland at arbeidet med Regional transportplan skulle starte opp parallelt med planstrategien. Det vart lagt til grunn at planstrategien vert vedteken før regional transportplan slik at føringar i planstrategien vert lagt til grunn for planen.

Vedtaket hadde følgjande ordlyd:

“6. Arbeidet med ein felles regional transportplan startar opp parallelt med planstrategien. Det vert lagt til grunn at planstrategien vert vedteken før ny regional transportplan slik at føringar i planstrategien vert lagt til grunn for planen.”

Det prosjektutløysande behovet for arbeidet med planen er eit behov for å avklare korleis det nye fylket skal løyse oppgåvene innan samferdselssektoren.

Plan og bygningslova krev at det i forkant av alle regionale planar skal utarbeidast eit planprogram. Planprogrammet skal legge fram føremålet med planlegginga og avgrense planarbeidet tematisk. Planprogrammet skal i tillegg avklare korleis planarbeidet skal organiserast og kva prosessar planen skal følgje fram til endeleg vedtak, inkludert opplegg for medverknad. Planprogrammet skal høyrast og vedtakast politisk.

Regional transportplan skal bidra til å nå måla fastsett i utviklingsplanen for Vestland, og legg desse til grunn for arbeidet saman med FN sine bærekraftsmål, samt Nasjonal transportplan.

Regional transportplan skal vere eit felles strategisk verkty for samferdselssektoren i heile fylket.

Om planprogrammet

Kapittel 1 - Regional transportplan

Kapittelet skildrar føremålet med planen og knyt behovet for utarbeiding av plan saman med utviklingsplanen for Vestland. Kapittelet skildrar korleis arbeidet med utarbeiding av planprogrammet har vore, og skal gå føre seg.

Kapittel 2 - Rammer for planarbeidet

Kapittelet presenterer nasjonale og regionale føresetnader for planarbeidet. Målstrukturen i Nasjonal transportplan er presentert her.

Kapittel 3 - Planstruktur

Kapittelet gjer greie for korleis Regional transportplan skal strukturast. Det vert lagt opp til at RTP skal samle strategidokument for temaet i Vestland.

Til RTP skal det utarbeidast eit fire-årleg handlingsprogram som skal reviderast årleg i samband med budsjettprosessen til fylkeskommunen. Det skal rapporterast på handlingsprogrammet i fylkesrådmannen si årsmelding.

RTP skal ha eitt overordna mål, og to-tre delmål per plantema, i tillegg skal det utarbeidast strategiar for å nå måla og delmåla i planen.

I samband med planen skal det også utarbeidast eit kunnskapsgrunnlag som skal oppdaterast kontinuerleg.

Kapittel 4 - Plantema

RTP har fem plantema

- Fylkesvegnettet

Plantema fylkesvegnettet tek føre seg den fysiske vegen og skildrar behov for oppgradering og opprusting. Det skal utarbeidast strekningsvise utgreiingar på prioriterte strekningar. Under dette plantema er trafikksikring, tunnelforskrift, bruer, ferjer og ferjekaier sentrale stikkord.

- Mobilitet og kollektivtransport

Mobilitet er ein samlebetegnelse på alle transportformer, og under plantema mobilitet og kollektivtransport er det eit særleg fokus på dei miljøvenlege alternativa som er sykkel, gange og kollektivreiser. Vidare står tilrettelegging for overgang til ein meir miljøvenleg bilpark, både når det gjeld privatbilar og drosjenæringa, omtala her. Plantema mobilitet inneheld også omtale av innfartsparkering og dei nye fylkeskommunale oppgåvene knytt til fly.

- Miljøløftet

Miljøløftet er trekt ut som eige plantema då det er fleire problemstillingar som er sentrale i avtaleområdet, men som vi i liten grad ser igjen i andre delar av fylket. Miljøløftet har fire satsingsområde som er sentrale her: investering og drift av kollektiv, sykkel og gange, innfartsparkering og miljøvenleg teknologi og innovasjon.

- Finansiering

Fylkeskommunen har avgrensa økonomiske ressursar. Finansiering er trekt fram som eige plantema ettersom vi ser eit behov for å arbeide meir strategisk med korleis vi skal finansiere løysingar på transportutfordringane.

- Nasjonale ansvarsområde

Mykje av infrastrukturen i Vestland er det staten som sit med ansvaret for. Fylkeskommunen arbeider opp mot statlege organ for å peike på utfordringar og løysingar for Vestland. Arbeidet med innspel til Nasjonal transportplan står sentralt i dette plantema.

Kapittel 5 - Organisering, prosess og medverknad

I kapittel 5 blir prosessen med utarbeiding av Regional transportplan omtalt. Det blir skissert korleis fylkespolitikarane skal involverast i arbeidet, samt korleis vi skal sikre god medverknad frå eksterne samarbeidspartar. Innspelsmøte med brei invitasjon står sentralt i medverknadsarbeidet, i tillegg til å opprette enkelte temagrupper.

Framdriftsplanen skisserer endeleg vedtak av Regional transportplan for Vestland på fylkestinget desember 2022.

Vedtakskompetanse

I følgje §8-3 i lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27.06.2008 nr.71 har Fylkesutvalet mynde til å sende framlegg til plandokument på høyring.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Planprogrammet framhevar problemstillingar som miljøvenlege transportformer, og ny miljøvenleg teknologi.

Folkehelse: Eit strategidokument for samferdselssektoren skal omtale korleis vi skal ivareta mobiliteten til innbyggjarane, næringslivet og besøkande, som igjen skal sikre deltaking i samfunnet.

Regional planstrategi: Planprogram til regional transportplan for Vestland bygger på dei mål og strategiar som er vedtekne i arbeidet med regional planstrategi.

Konklusjon

Fylkesrådmannen ser planarbeidet som eit viktig strategisk grep i høve til samferdsleutfordringane vi har i fylket, og rår til at planprogrammet no vert sendt på høyring